

Køyretøy Historisk Klubb Voss inviterer til Norgesløpet VossaRudl'n 2020

Me har gleden av å invitera til veteranhelg på Voss i pinsehelga 2020.

10 år sidan sist klubben arrangerte Norgesløp er Voss atter staden for løpet. Me har freista setja i hop eit program for heile pinsehelga og ser fram til å ynskje velkomne til Vestland sitt vakraste eventyr, på denne tida av året.

FREDAG 29. MAI

Alt fredag startar programmet.

For dykk som kjem fredag vert det høve til å parkera køyretøyet på startområdet frå klokka 14:00 og utover. Du vil då få parkera på oppmerka plass for ditt startnummer.

Hyggeleg samkome fredag kveld

Me samlast i klubbhuset på Istad, for ei hyggeleg samkome kl 19:00. På menyen er det grillmat. Ymse leskedrikk kan kjøpast i baren. Me ordnar med fellestransport frå Voss sentrum, for dei som ikkje ynskjer å køyre sjølve.

Betaling,- for samkoma ved oppmøte kr 200,- Meir informasjon kjem.

LAURDAG 30. MAI

Norgesløpet VossaRudl'n 2020 vert gjennomført.

Kl 08:30 oppstilling ved Vangsvatnet.

Det vil vera fleire postar i løypa som deltakarane skal gjennomføra, fotopost og sjølvsgat lunsj. Gjennomføring av postane er naudsynt for den vidare løypa. Me er på vestlandet så deltakarane skal køyra både opp- og nedoverbakkar. For dei som ynskjer er det muleg å køyre opp Stalheimskleiva. Målgang løpshotellet Stalheim.

Dagen vert avslutta med løpsfest, premieutdeling, middagsbuffet og musikk.

Deltagaravgift kr 700,- inkludert lunsj for sjåfør. Lunsj for passasjerar kr 150,-.

SUNDAG 31. MAI

Me inviterer deltakarane på tur til Kaupanger og Bjarne Lerums Bilmuseum.

Kl 10:30 avreise Stalheim med buss til Kaupanger. Her vil me få omvising på bilmuseet.

Kl 15:00 retur med ferje frå Kaupanger til Gudvangen. Turen går på vakre Nærøyfjorden, som står på UNESCO si verdsarvliste. Buss frå Gudvangen til Stalheim.

Pris for turen vert om lag kr 650,- per person (dette avheng av antal deltakarar)

Sundag kveld er det duka for 3-rettars festmeny ved Stalheim Hotel.

Gjester som ikkje bur på Stalheim er sjølvsgat velkomne til middag både laurdag og sundag, men betaler då kr 500,- per middag. Betaling direkte til hotellet.

MÅNDAG 1. JUNI

Frukost, drøs, avskjed og heimreis.

Venleg helsing Ruth Kristin T Trå, sekretær

FIVA klasseinndeling

Løpet følger reglane for FIVA nasjonalløp.

Det vil sei at deltakarane vert premiært i klassane etter FIVA-reglar.

Heile 9 klassar skal premierast dersom det er deltakarar i kvar klasse.

Norgesløpet er eit viktig fellesarrangement for den organiserte motorhistoriske rørsla i Norge.

LMK tildelte Køyretøy Historisk Klubb Voss dette løpet etter innsendt søknad.

Soleis stiller difor LMK med observatør til løpet. LMK stiller òg med hovudpremie til løpet.

Påmelding og betaling:

Køyretøy med årsmodell til og med 1990 kan delta. Maksimalt antal deltakande køyretøy er sett til 150.

Deltakaravgifta er i år kr 700 kr, dette inkluderer lunsj for sjåfør.

Påmelding til løpet er elektronisk.

Ved fullført registrering vil du koma automatisk til betaling av deltagaravgifta på kr 700,-

Dersom du òg har lagt til lunsj i bestillinga (kr 150,- per passasjer) betaler du denne samstundes.

Fyrst når påmeldinga er registrert kan du bestilla overnatting. Ved fullført påmelding, får du ein automatisk e-post i retur som gjev deg eit referansenummer du skal oppgje ved Stalheim Hotel. Dersom du vel å overnatta anna stad treng du ikkje referansenummer.

Det er viktig at du les orienteringa godt og fyller ut korrekt informasjon.

Du vil få meir orientering undervegs på e-postadressa du registrerer i påmeldinga.

Bruk gjerne kommentarfeltet til informasjon du trur er viktig for oss.

Det vil også verta lagt ut oppdatert informasjon på heimesida og på Facebook.

Påmelding startar 1. februar 20. Påmeldingsfrist er 31.03.20

Overnatting:

Alle deltakarar **må bestilla overnatting sjølve.**

Ved fullført påmelding vil du motta eit referansenummer du **MÅ** oppgjje når du bestiller hotellrom.

Bestill hotellrom i **same namn som i påmeldinga!**

På grunn av kapasitet ved løpshotellet Stalheim Hotel, kan ein diverre ikkje bestille overnatting til andre enn deltakar og eventuelle passasjerar. Me ber om forståing for dette.

Løpshotellet er Stalheim Hotel.

Stalheim Hotel, 5715 Stalheim, Telefon: 56520122, E-post: info@stalheim.com

Prisar for overnatting:

Per person per døgn i dobbeltrom kr.1250.- inkludert frukost og middagsbuffet laurdag kveld og 3-rettars festmeny søndag kveld.

Per person per døgn i enkeltrom kr.1400,- inkludert frukost og middagsbuffet laurdag kveld og 3-rettars festmeny søndag kveld.

Barn 5 - 15 år - på ekstraseng i foreldrenes rom, per døgn kr. 600,-

Barn 0 - 4 år gratis

Stalheim Hotel er primært for dei som skal overnatta laurdag til måndag!

Alternativ overnattingar:

Myrkdalen Hotel, Klypeteigane, 5713 Vossestrand, tlf: 47471600, e-post: post@myrkdalen.no

Oppheim Hotel & Resort, Oppheimsvegen 162, 5713 Vossestrand, tlf: 56522500, e-post: booking@oppheimresort.no

Vossestølen Hotel, Oppheimsvegen 87, 5713 Vossestrand, tlf 56529999, e-post: bookingvoss@fjordfjellhotel.no

Gudvangen Fjordtell, 5747 Gudvangen, tlf: 48075555, e-post: booking@gudvangen.com

Fleischer's Hotel, Voss sentrum, tlf: 56520500, e-post: hotel@fleischers.no

Park Hotel Vossevangen, Voss sentrum, tlf: 56531000, e-post: booking@parkvoss.no

Scandic Voss, tlf: 23155000, Voss sentrum, e-post: voss@scandichotels.com

OBS:

Prisar hjå desse alternative hotella inkluderer ikkje middag på Stalheim hotell.

Middagsbuffet laurdag kveld, for dei som ikkje overnattar på hotellet: kr 500,-

3-rettars festmeny, søndag kveld, for dei som ikkje overnattar på hotellet kr 500,-

Betaling direkte til hotellet for dette.

Har du spørsmål, kan du retta dei til rudln@khkv.no